

# Fjellkoret gjentar Kleppevik-suksess

Komande helg presenterer Fjellkoret ein kabaret av kulturskattar frå kysttrubadur Johannes Kleppevik.

**KULTUR:** – Vi håpar på fulle hus, seier Linda Fjell i Fjellkoret. På fredag og søndag inviterer koret til Kleppevik-kveld i Liaskjærshallen. Kabareten blir arrangert som ein del av Kystsogeveke.

## Suksess på Frekhaug

Det er ikkje første gongen Fjellkoret syng Kleppevik-songar. I 1993 hadde koret ei stor oppseting i Fjell kulturhus som vart framført heile 13 gonger.

– I vår fekk vi førespurnad frå Musikken Venner i Nordhordland om å koma til Frekhaug for å syngja Kleppevik-songar, fortel Ottar Fjell i koret.

Koret leita fram igjen både manus og regi-kart frå oppsetinga i 1993. Dei få songane som koret var invitert til å syngja på Frekhaug, vart dermed til ein kabaret med rollefigurar, dans i



På søndag hadde Fjellkoret generalprøve på Kleppevik-kabareten dei set opp i Liaskjærshallen på fredag og søndag. Her er det mennene i koret som er i aksjon. Alle foto: Linda Fjell

haugen, lokalbåten frå by'n og samtalar rundt stovebordet.

– Framsyninga vart svært godt motteke av publikum, og vi meiner difor det er på sin plass at fleire får gleda av å oppleve dette, seier Linda Fjell. Ho har instruksjon og regi på kabareten.

## Familie som raud tråd

Publikum får blant andre treffa Knut'n som reiser i utanriksfart og som kjem heim att med mykje spennande i bagasjen. Anne-Linn finn seg ein kar med trekkspel og gitar, og bygdeoriginalen Simon får seg jobb på den nye uljebasen på Ågotnes.

– Det er absolutt ein raud tråd i framsyninga, som handlar om ein familie. Johannes Kleppevik var også oppteken og ungdom og forelsking, og det har vi også forsøkt å få fram, seier Ottar Fjell.

## Allsong og husband

Dotter til Johannes Kleppevik, Sigrid-Marthe, kjem for å fortelja om faren og om bakgrunnen for nokre av songane han skreiv.



Nokon har vore gift lenger enn andre. Ivar (Ottar Fjell) får skjenn av kona Martha (Ann-Christin Møkster).

Koret har også tatt med nokre av songane som ho har funne etter faren, og som aldri vart gitt ut av Johannes sjølv.

Nokre av dei mest kjente songane til Johannes Kleppevik er slike som mange strilar kan.

– Vi vil ta publikum med på allsong både under sjølv kabareten og etterpå, fortel Linda Fjell.

Fjellkoret har med seg eige husband under leiing av Olav Ulveseth på trekkspel. Inkludert ein pause der ein blant anna får kjøpt songboka som kom ut i fjor, varer framsyninga i halvan time.

MARIT KALGRAF  
marit@vestnytt.no

996 32 062



Fjellkoret fekk god respons då dei presenterte Kleppevik-show på Frekhaug tidlegare i år. No vil dei visa kabareten her heime.



## Grønn og jordnær

- Økt norsk matproduksjon, bedre vern av matjord
- Nei til oljeboring i Lofoten og Vesterålen
- Helsesatsing i skolen - 1 times fysisk aktivitet og skolemåltid
- Eldreomsorg er et ansvar for kommune, familie og ideelle organisasjoner, ikke for aksjeselskap. Ja til styrket omsorgslønn
- Økt psykiatrisatsing i kommunene med statlig finansiert opptrappingsplan
- Erstatt EØS-avtalen med en handelsavtale
- Samferdselsløft for tryggere veier og bedre kollektivtilbud

**Stem Toppe på Tinget**

Alle stemmer teller - stem Senterpartiet 9. september